



Undergang mellom Korsnes og Ospelunden er allerede prosjertert

Onsdag 10. juni klokka 19 på Stevneplassen er det eit viktig møte med oppsummering og strategi for det vidare arbeid med trafikksikring i Uskedalen. Møtet er i regi av Uskedal Utvikling, men Gamleskulen er oppteke. Møtet er neste steg etter det opne møtet som vart halde i april på skulen og det er viktig at flest mogeleg av partane møter fram. Ikkje minst gjeld det dei som bur og/eller driv næring langs vegen. Eit hovedpunkt er å få til ein fartsreduksjon og kva slags tiltak som må gjennomførast med det som målsetjing.

Over- eller undergang i Korsneset er også eit viktig tiltak og her er det andre:

- * Utkøyrse på fylkesvegen på Kjærlandssido og veglys til gardsbarnehagen
- * Smalare bruer ved montering av dei nye rekkverka
- * Gang- og sykkelveg til Steinsletto
- * Parkering i sentrum og ved skulen
- * Busslomma og på- og avstigning ved skulen
- * På gamle skuleplassen: Parkering, torg og tilkomst til Rabben og kyrkja.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen